



Arkivnr: 2015/8173-101
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		19.11.2015
Fylkestinget		08.12.2015

Resterande val til styre, råd og utval valperioden 2015-2019

Samandrag

I det konstituerande møtet 14. oktober 2015 valde fylkestinget ei valnemnd, sak PS 77/2015. Etter reglementet for fylkestinget pkt. 2.4 skal valnemnda gi innstilling til fylkestinget i valsaker.

Fylkestinget valde medlemmer og varamedlemmer til ymse råd, styre og utval for valperioden 2015-2019 i møtet 27. oktober 2015 i sak PS 84/2015. Dei råd, styre og utval som må veljast før året er omme, og som ikkje var med i sak PS 84/2015 kjem no opp i denne saka.

Forslag til innstilling

Fylkestinget gjer slike val av medlemmer og varamedlemmer til følgjande organ:

Organ knytt til opplæringssektoren

1. Vigo IKS

Medlem

1.

Varamedlem

1.

Organ knytt til næringssektoren

1. Hardanger AKS

Forslag til valnemnd på medlemmer

1.

2.

Valnemnd

1.

Statlege organ på fylkesplan

1. Regional rovviltnemnd

Medlem

1.

Varamedlemer

1.

2.

2. Skatteutvalet

Medlemer

1.

2.

3.

4.

Varamedlem

1.

Andre organ m.v.

1. Hardangervidderrådet

Medlem

1.

Varamedlem

1.

2. Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde

Nasjonalparkstyre

Medlem

1.

Varamedlem

1.

3. Folgefonna nasjonalpark

Styret

Medlem

1.

Varamedlem

1.

4. Stølsheimen landskapsverneområde

Styret

Medlem

1.

Varamedlem

1.

5. Nærøyfjorden landskapsverneområde

Styret

Medlemer

1.

Varamedlemer

1.

6. Innovasjon Norge

Regionalt styre

Medlemer

1.

2.

Varamedlemer

1.

2.

Hovudstyre

Forslag på medlemer til styret

1.

2.

7. Vest-Norges Brusselkontor AS

Styret

Medlem

1.

Varamedlem

1.

8. Norsk Gassforum

Styret

Medlem

1.

Varamedlem

1.

9. Høgskolen Stord/Haugesund

Styret

Medlemer

- 1.
- 2.

Varamedlemer

- 1.
- 1.

10. Business Region Bergen

Styret

Medlem

- 1.

Varamedlem

- 1.

11. KLP

Valmøte

Medlem

- 1.

Varamedlem

- 1.

12. Stiftelsen Fjeldberg prestegard

Styret

Medlem

- 1.

Varamedlem

- 1.

13. Sparebankstiftinga Hardanger

Generalforsamling

Medlem

- 1.
- 2.
- 3.

Varamedlem

- 1.
- 2.

14. Rallarvegrådet

Medlem

1.

Varamedlem

1.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.11.2015

I. Rettsleg grunnlag

Fylkestinget fekk førelagt ein sak PS 84/2015 Val til styre, råd, utval og nemnder for perioden 2015-2019 i møtet 27.10.2015. Fylkestinget gjorde val på ymse råd, utval, styre og nemnder i det møtet, og resten av saka vart utsett til møtet 08.-09.12.2015. Sjå den saka for rettsleg grunnlag.

II. Orientering om enkelte organ

I det følgjande er enkelte organ og institusjonar omtalt særskilt, og det er teke med m.a. reglar om oppnemning og medlemstal fastsett i lov og reglement og opplysningar om fylkeskommunal representasjon. Fylkeskommunen har det talet medlemmer i styrande organ som går fram av forslag til innstilling.

Selskap, stiftingar, andre samanslutningar

Generelt

Fylkeskommunen er representert i styrande organ i ei rekkje selskap og samanslutningar. Det kan vera i eigenskap av å vera medeigar, medstiftar, medlem, tilskotsytar, eller det kan vera fordi organisasjonen finn det ønskjeleg at fylkeskommunen deltek. Det vil gå fram av vedtektene om fylkeskommunen skal/kan vera representert i styrande organ. I dei fleste selskapa blir nye styre valde på generalforsamling/ årsmøte i vårhalvåret, men praksis har likevel vore at fylkestinget oppnemner sine kandidatar til styrande organ i samband med val til andre styre, råd og utval like etter konstituering av det nye fylkestinget. Fylkeskommunen sine kandidatar vil då normalt ikkje tre inn i styra før etter den ordinære generalforsamlinga det påfølgjande året, og dei får funksjonstida tilsvarande forskyvd.

Organ tilknytt opplæringssektoren

1. Vigo IKS

Vigo IKS er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om interkommunale selskap, kor Hordaland fylkeskommune er eit medlem. Selskapet tek hand om utvikling av fylkeskommunen sine IT-system innan vidaregåande opplæring.

I selskapsavtalen av 17. januar 2014 står det slik i § 5 Representantskapet:

«Representantskapet er selskapets øverste myndighet og består av én representant med personlig varamedlem fra hver deltaker.»

Organ knytt til næringssektoren

1. Hardanger AKS

Hardanger AKS er ein arbeidsmarknadsbedrift. Den heit tidlegare Storeholmen VTA og har teke inn arbeidsmarknads plassane til Norheimsund Industrier AS. Hordaland fylkeskommune sin eigarandel i bedrifta er 38,7%. Fylkeskommunen har ikkje vore representert i styre eller valnemnd tidlegare.

Fylkeskommunen har, tilliks med andre aksjonærar, høve til å setje fram forslag på styremedlemar og medlemar i valnemnd.

Statlege organ på fylkesplan

1. Regional rovviltnemnd

Rovviltnemnda er eit statleg viltorgan som skal utøve Stortinget og regjeringa sine føringar i rovviltpolitikken, og er underlagt Klima- og miljødepartementet sitt instruksjons- og organisasjonsmynde. Klima- og miljødepartementet presiserer: *«Rovviltforvaltning er et svært krevende felt, og som medlem i en rovviltnemnd og fylkespolitiker er det viktig å ha et bevisst forhold til sin rolleforståelse. Når man utøver sin rolle som medlem av rovviltnemnden må hvert enkelt medlem forholde seg til gjeldende rammer og føringar i rovviltpolitikken.»* Hordaland fylkeskommune skal velje inn eit fast medlem og to varamedlem. Frist for å oversende forslag var satt til 20. november, men fylkeskommunen har fått utsatt frist til etter fylkestinget 8.-9. desember.

2. Skatteutvalet

Hordaland fylkeskommune har vald inn 4 medlemar og 1 varamedlem til skatteutvalet i Skatt Vest ved tidlegare val. Skatteetaten er usikker på kva som vil skje med skatteutvala framover, grunna eit forslag om lovending som gjer at skatteoppkreverane vert statlege.

Frå Skatt Vest er det sendt slik informasjon:

«Det blir en videreføring av eksisterende skatteutvalg foreløpig frem til 1. juli 2016, grunnet mulige endringer i oppgaveløsningen som følge av regjeringens forslag til statsbudsjett. I statsbudsjettet for 2016 har regjeringen igjen foreslått at skatteoppkreverfunksjonen overføres til Skatteetaten. På denne bakgrunn ønsker skattekontoret at dagens skatteutvalg fortsetter inntil saken er avgjort, og at valget av nye medlemmer således utsettes til etter 1. juli 2016.»

Andre organ med fylkeskommunal representasjon

1. Hardangerviddarådet

Rådet vart oppretta som ein oppfølginga av Regional plan for Hardangervidda i 2013. Hordaland fylkeskommune har to medlemar.

Nasjonalparkstyre og verneområdestyre

Fylkeskommunen er representert i følgjande nasjonalparkstyre og verneområdestyre:

- 2. *Følgefonna nasjonalpark*. Kommunane Etne, Kvinnherad (størst), Odda, Jondal og Ullensvang har areal innanfor nasjonalparken.
- 3. *Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopverneområde*. Ulvik herad har areal innanfor nasjonalparken/verneområdet.
- 4. *Nærøyfjorden verneområde*. Voss kommune har areal innanfor verneområdet.
- 5. *Stølshimmen verneområde*. Kommunane Modalen (minst), Vaksdal og Voss(størst) har areal innanfor verneområdet.

Som følgje av kommunestyre- og fylkestingsvalet skal det no gjennomførast ny oppnemning av styra. Det er Miljøverndepartementet som nemner opp styra etter forslag frå kommunane og fylkeskommunane i verneområdet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Fylkeskommunen har ein medlem med varamedlem i kvart styre. For at departementet skal kunna ivareta omsynet til likestilling vert det bede om forslag på ei kvinne og ein mann til kvart verv. Kandidatane må vera medlem i fylkestinget.

6. Innovasjon Norge

Hovudstyre

Valkomiteen til Innovasjon Norge – hovudstyret ber om forslag til kandidatar til hovudstyret i Innovasjon Norge.

Regionalt styre

Hordaland fylkeskommune har tidlegare meldt inn to kandidatar til medlemar og to kandidatar til varamedlemar til det regionale styret. Innovasjon Norge – hovudstyret skal i løpet av første del av 2016 ta ein avgjerd på om dei skal ha regionale styrar og i så fall korleis dei skal organiserast. Medlemene har fått brev der dei vert bedne om å fortsette i styret fram til 1. juli 2016. Det er opp til fylkestinget om det er ønskjeleg å gjere eit skifte av medlemmer for perioden fram til 1. juli 2016, som vert forlenga dersom Innovasjon Norge vel å organisere det slik.

7. Vest-Norges Brusselkontor AS

Hordaland fylkeskommune er medlem i Foreningen Vest-Norges Brusselkontor som eig Vest-Norges Brusselkontor AS 100 %. Fylkeskommunen har vore representert med ein medlem med varamedlem i styret. Styremedlemene vert etter vedtektene valde for to år om gongen av generalforsamlinga.

8. Norsk Gassforum

Norsk Gassforum er eit samarbeidsforum som skal arbeide med gass og gassrelaterte saker av nasjonal karakter. Norsk Gassforum dekkjer alle fylkeskommunar langs kysten frå Østfold til Finnmark. Styret i organisasjonen har tung politisk representasjon. Norsk Gassforum blir leia av eit styre kor kvart medlem oppnemnar eit styremedlem.

9. Høgskolen Stord/Haugesund

Jamfør Lov om universiteter og høyskoler § 9-4 Valg og oppnevning av styret punkt 6:

«Forslag til eksterne styremedlemmer og varamedlemmer for disse, fremmes av institusjonens styre. Det samme gjelder forslag til styreleder når rektor er ansatt. For kunsthøgskolene fremmes forslag av høyskolens styre og av Norsk kulturråd. Sametinget oppnevner på fritt grunnlag to av de eksterne styremedlemmene og personlige varamedlemmer for disse ved Samisk høgskole. Fylkeskommunene oppnevner på fritt grunnlag to av de eksterne styremedlemmene og personlige varamedlemmer for disse ved de øvrige statlige høyskolene. Departementet oppnevner på fritt grunnlag øvrige eksterne medlemmer og personlige varamedlemmer for disse for fire år. For institusjoner som har ansatt rektor, utpeker departementet styreleder blant de eksterne medlemmene, jf. § 9-3.»

Hordaland fylkeskommune skal difor nemne opp to eksterne styremedlemar og personlege varamedlemar til Høgskolen Stord/Haugesund.

10. Business Region Bergen

Selskapets formål er å drive regional næringsutvikling, etablerertjenester, profilering og markedsføring og andre tjenester som naturlig faller sammen med dette, herunder å ha et aktivt forhold til regionens nettverksorganisasjoner innen utvalgte næringssegmenter. Hordaland fylkeskommune eig 35% av aksjane. Selskapets styre skal ha fra fem til ni medlemmer. Hordaland fylkeskommune har per i dag eit styremedlem med varamedlem i styret.

11. Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

Som eier i KLP skal Hordaland fylkeskommune anna kvart år velje nye representantar til KLP si generalforsamling. Vala vert gjort i valmøtar for kvar av valkretsane. Valmøtet 2016 i Hordaland er 15. mars på Scandic Ørnen, Bergen.

12. Stiftelsen Fjeldberg prestegard

Jamfør vedtektene til stiftinga § 2 Formål: «Stiftelsens formål er å foreta istandsettelse og vedlikehold av bygningene på prestegården og administrere bruken av dem.» Stiftinga vert leia av eit styre på 5 personar med personege varamedlemar og Hordaland fylkeskommune nemnar opp eit av dei.

13. Rallarvegrådet

Føremålet med eit Rallarvegråd er å få til dialog og kunnskapsutveksling mellom dei ulike interessentane. Hordaland fylkeskommune skal stille med representant i rådet og har tidlegare valt eit medlem og ein vara.

III. Funksjonstid

Der ikkje anna er sagt, er funksjonstida/ombodstida lik den fylkeskommunale valperioden. Der det i lov eller vedtekter er fastsett at val gjeld for 2 år om gongen, har det likevel vore praksis at fylkeskommunen har vald medlemene for heile valperioden slik at dei er blitt attvalde for ein ny toårsperiode i selskapa /samanslutningane. Det kan og vera at funksjonstida etter vedtektene er avvikande frå den fylkeskommunale valperioden.